



Synneve Marie Lauvås
Birkebeinergaten 1
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2796 - 20/5959

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
04.02.2020

Svar på førespurnad om status i sak - gbnr 116/15 Lauvås

Tiltak: Mogleg ulovlege tilhøve
Byggjestad: Gbnr: 116/15

Kommunen viser til din førespurnad om status i sak. Vi forstår at dei tilhøva du har skildra kan opplevast frustrerande for deg. Kor vidt dei tilhøva du har skildra er ulovlege har vi ikkje tatt endeleg stilling til, men vi vil følgje opp saka i tråd med kommunen sine retningslinjer og prioriteringar.

Til orientering vart det i haust vedteke ny kommuneplan for Lindås kommune. Denne planen er vidareført inn i Alver kommune som gjeldande kommunedelplan. Ei endring i frå den gamle til den nye planen er at eigedom med gbnr 116/15 har fått status som næringsområde. Nedanfor ligg informasjon om kva bruk det er lagt opp til i næringsområder og spesifikke krav til BN1 som omfattar gbnr 116/15.



Kartutsnitt kommunedelplan for Lindås 2019-2031

3.1.5. NÆRINGSOMRÅDE (BN)

Føremålet er byggeområde for industri-, handverks- og lagerverksemd. Det omfattar ikkje forretning/handel og tenesteyting. Det omfattar og kontor i den grad det kan reknast som administrasjon av anna hovudaktivitet i tråd med føremålet.

- a) Nye verksemdar skal plasserast slik at dei ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kringliggjande bygningar eller offentlege føremål m.o.t. støy, forureining eller andre negative konsekvensar med omsyn til miljøet, jf. pbl. § 11-9 nr 6. Næringsbygg skal etablerast slik at dei gjev ein støyskjermande effekt mot tilgrensande bygningar. Verksemdar skal lokaliserast slik at dei tek i vare grenseverdiane for støy i gjeldande *Retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging*. Støysituasjonen og eventuelle avbøtande tiltak skal dokumenterast i samband med regulering eller ved søknad om tiltak, jf. pbl. § 11-9 nr 6 og 8.
- b) I næringsområda skal det setjast av areal til vegetasjonsskjerm (buffer) mot tilgrensande område eller område med innsyn til næringsområdet. Grønstruktur og skjerming mot andre arealføremål skal fastsetjast i reguleringsplan jf. pbl. § 11-9 nr. 6 og 8.

- c) Særskilte område utan plankrav

Tabell 4 Særskilte næringsområde utan plankrav

Plankart ID	Område	Areal i daa (ca.)	Særskilte krav til området
BN1	Grønnevik	6,7	Ved søknad om tiltak skal det vere utarbeidd ein VA-plan som på førehand er godkjent av kommunen. Tiltak/aktivitetar som kan forureine drikkevasskjelda er ikkje tillatt.

Utsnitt føreseger og retningslinjer i kommunedelplan for Lindås 2019/2031

Kva skjer vidare?

Dersom vi finn ut at det er snakk om eit ulovleg tilfelle, opprettar vi ei sak og kontaktar eigar av eigdommen. Dersom vi vurderer tilfellet som mindre alvorleg, kan kommunen avstå frå å følgje opp saka vidare.

Saka vert prioritert ut i frå alvorlighetsgrad, vidare vil saksmengde påverke kor raskt vi kan behandle saka.

Kva skjer når kommunen vert kjent med eit ulovleg tilfelle

Om kommunen finn grunn til å undersøkje saka vil den ansvarlege bli kontakta av kommunen. All vidare saksgang vil vere ei sak mellom kommunen og den ansvarlege for det ulovlege tilfellet.

Kommunen vil kun ta kontakt med deg om det er trong for meir informasjon.

Når kommunen har undersøkt saka vil den ansvarlege få eit brev om vidare oppfølging. I brevet vert det gitt informasjon om kva som er ulovleg.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/2796

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal

Per Sveinar Morsund

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Synneve Marie Lauvås

Birkebeinergate 5003
n 1

BERGEN